



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon  
Egil Hauge, 5557 2350

Vår dato  
06.09.2016  
Dykkar dato  
07.07.2016

Vår referanse  
2015/10266 421.4  
Dykkar referanse  
14/6423

Lindås kommune  
Kvernhusmyrane 20  
5914 ISDALSTØ

### **Samordna uttale med motsegn i sak: offentleg ettersyn - Lindås – gnr. 56 bnr. 14 - Nesfossen smolt - industri utviding - detaljregulering**

Vi viser til utsending av ovanfor nemnde planframlegg til offentleg ettersyn.

#### **Samordning av statlege motsegner**

Som lekk i pågående forsøk med samordning av statlege motsegner til kommunale arealplanar, har Fylkesmannen motteke uttale med motsegn frå Statens vegvesen til planen. Når det gjeld grunngjeving og forankring i nasjonale føringar for arealforvaltninga, viser vi til deira uttale som er lagt ved.

#### **Fylkesmannen si vurdering**

Fylkesmannen har vurdert motsegna. Vi vurderer at motsegna er fremja innan fristen og har elles ingen merknader til grunngjeving og forankring. Motsegna vert ikkje avskoren av Fylkesmannen.

Motsegna inneber at planen ikkje kan vedtakast av Lindås kommune, slik han ligg føre. Vi legg difor til grunn at kommunen og Statens vegvesen vil ha ein vidare dialog for å kome fram til eit nytt planframlegg som kan vedtakast av kommunen. Fylkesmannen kan om ønskjeleg medverke i ein slik dialog. Dersom det ikkje vert oppnådd semje, kan kommunen be om formell mekling. Vi viser her til plan- og bygningslova § 5-6.

Med helsing

Rune Fjeld  
assisterande fylkesmann

Egil Hauge  
prosjektleiar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*

Kopi til:  
Statens Askedalen 4 6863 Leikanger

Vegvesen  
- Region  
Vest  
Hordaland Postboks 7900                5020                Bergen  
fylkeskom  
mune